

## **Instruks for barne- og ungdomsrådet i Indremisjonssamskipnaden (IMS)**

1. Det skal vera eit barne- og ungdomsråd (BUR) i Indremisjonssamskipnaden. Den skal ha fem valde medlemmer og tre varamedlemmer.  
Årsmøtet vel BUR (jmf § 5 i lovene for IMS). Medlemmene vert valde for to år, kvart år går to eller tre ut. Varamedlemmene vert valde for eitt år om gongen. BUR konstituerer seg sjølv med formann og nestformann.  
Valkomite?? Forslag: BUR er sjølv valkomite, og legg fram forslag til nye navn for IMS-styret.
2. Barne- og ungdomssekreteren har møterett i BUR, og er sekretær for BUR. Ved høve, kallar barne- og ungdomssekreteren inn andre arbeidrarar, anten frå barne- og ungdomsavdelinga eller andre.
3. BUR må arbeida i samsvar med § 2, pkt 1 i Lov for Indremisjonssamskipnaden.  
*(IMS byggjer arbeidet sitt på Bibelen som Guds ord og den evangelisk-lutherske vedkjenninga).*
4. Føremålet med arbeidet kjem klart til uttrykk i visjonen vår: Vi vil byggja varme inkluderande fellesskap, vinna nye for Jesus og gjera dei til Hans disiplar.
5. BUR skal vera rådgivande organ for barne- og ungdomsarbeidet til IMS. Dette gjeld m.a. i høve leirar, leiartrening og andre arrangement. BUR skal også hjelpe til med å gjennomføra desse arrangementa.
6. BUR skal vera eit bindeledd mellom IMS sitt barne- og ungdomsarbeid sentralt og dei lokale lagleiarane i distriktet. BUR skal vera med å gi inspirasjon og leggja til rette for fornying og trekkja opp linjene for arbeidet framover.
7. Det skal haldast minst seks møter i året. Barne- og ungdomssekreteren set opp sakliste i samråd med formannen og kallar inn til møte i BUR. Det bør leggjast opp til godt åndeleg fellesskap i BUR sine møte.
8. BUR må stå i eit nært samarbeid med IMS-styret, og alltid ha heilskapen for auga. BUR-medlemmene skal ha referat frå styremøta til IMS.
9. BUR bør ha eit felles knutepunkt med IMS-styret ca ein gong i året.